



Bileams esel er eit musikkspel laga av Eivind Skeie og Geir Hegerstrøm, med sangar og tekst som passar fint i advent og palmehelga. Historia er henta frå både det gamle og det nye testamentet.

Bileam og eselet hans står det om i 4.Mos.22,21-35. Profeten Sakarja snakka om kongen som skulle kome. Det står i Sak.9,9 og Jesus og eselet står det om i Mark.11,1-11

Denne gangen har vi valgt ut nokre av songane og tekst som handlar om Jesus og palmehelga.



Vi håper at dette kan vere ein fin måte for deg som er fadder på eit barn, til å ta del i den lovnaden som du gav i barnet sin dåp.

I ein hektisk kvardag er det ikkje alltid like lett å huske på alt, eller få timane til å strekke til.

Her kan du sette av ein dag til å vere «berre» fadder saman med 5 åringen «din».

Det er sjølvsagt lov for foreldre/føresett til 5 åringen og/eller, å vere med!

5 åring betyr alle dei som vert 5 år i løpet av 2019

#### **PÅMELDING SEINAST TORSDAG 11.april**

PS:ALLE TEK MED EIT TØRKLE TIL Å HA PÅ HOVUDET



Hareid kyrkjekontor

Postboks.48

6069 Hareid

70 09 51 30/92 09 01 74

e-post: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no



**13.-14.APRIL 2019**

**Til deg som er  
fadder på ein  
5-åring i Hareid**







Det som hende i påska er sjølvkjerna i den kristne trua. Ikkje alt er like enkelt å forstå, men dersom vi kan oppleve det, eller leve oss inn i det gjennom deltaking, lærer vi det på ein annan måte. Du som er fadder kan oppleve og undre deg over denne historia saman med 5 åringen.

Gjennom sang og musikk lærer vi mykje. I Hareid har vi eit kjempeflott kor i kyrkja. Du kan gle deg til å synge saman med dei!

Anne-Beth Hovden Hansen, Helena Lannerholm-Ulstein og Arild Grimstad vil vere songsolistar.

I orkesteret har vi med Ingvill Kirkebø, Siv Helen Olsen, Tone Lise Bjåstad, Vegard Toppol, Sølvi Utgård, Anette Knudsen og Ida Teige.

Eselet tenkjer medan koret syng:

Han satte seg opp på min rygg.  
Jeg kjente at føttene bar.  
Det var slik en strålende dag.  
Og solen var blendende klar.

ref.

Jubelrop, hør basuners høye klang.  
Kongen gråt over folket mens de sang.

## JESUS HAR STÅTT OPP, HURRA, HURRA!

Denne laurdagen kan vi saman oppleve kva som hende i påska med Jesus og venane hans. Eit esel hadde ei viktig rolle på palmesøndag.....

FRAMMØTE KL.14.00



### PÅSKEVANDRING

Er det første vi skal gjere denne dagen. Vi vandrar gjennom kyrkja og høyrer historia om Jesus og venane, og det som hende i påskedagane. Vi har kostymer og palmegreiner!

MATPAUSE KL.15-15.30

Vi byr på eit enkelt måltid mat. Saft, kaffi og frukt.

MINI OG BARNEKANTORIET KL.15.30-17.00

Vi øver saman med mini og barnekantoret på mini musikkspillet Bileams esel. Nokre vil få roller og kostymer, men sangsolistar og orkester er avtalt på førehand. :) Eselkostymet ligg klart og ventar; men kven skal vere Esel?! Aktivitetsøkt for borna medan dei vaksne øver tekst. Innlagt pause i denne økta.

GUDSTENESTE PALMESØNDAG

Palmesøndag er det gudsteneste til vanleg tid kl.11.00. Då framfører vi mini-musikkspillet som ein del av gudstenesta. Etter gudstenesta er det enkel kyrkjekaffi.